

Protokoll frå krinsting i Hordaland krins av NSF

26. november 2010



Krinsting vart heldt på Riple Skule.

SAK 0: OPNING.

Krinsting blei opna med to vers av flaggsongen. Krinsleiar Ragnar Pettersen heldt ein tale om status for krinsen..

SAK 1: KONSTITUERING.

A. Godkjenning av representantar.

Det var 19 delegater med stemmerett og 2 utan stemmerett i salen.

B. Val av møteleiar:

Krinsstyrets forslag til vedtak: Tom Georg Indrevik, Kolltveit BKS

Vedtak:

Krinsstyrets forslag vedtatt med akklamasjon.

C. Val av referent:

Krinsstyrets forslag: Jens Ivar Kleiven, dagleg leder.

Vedtak:

Krinsstyrets forslag vedtatt med akklamasjon.

D. Val av to personar til å underteikne protokoll.

Krinsstyrets forslag: Hogne S. Nordvik, RBG
Vinjar Wærenskjold, 4. Bergen-Sandviken

Vedtak:

Krinsstyrets forslag vedtatt med akklamasjon.

E. Val av tellekorps: (2 stykk)

Krinsstyrets forslag: Cecilie Hanseth, 1. Øvsttun
Kjetil Henriksen, RBG

Vedtak:

Krinsstyrets forslag vedtatt med akklamasjon.

F. Godkjenning av innkallinga.

Krinsstyret foreslår at innkallinga vert godkjend.

Vedtak:

Krinsstyrets forslag vedtatt med akklamasjon.

G. Godkjenning av sakslista.

Krinsstyret foreslår at sakslist vert godkjend.

Vedtak:

Krinsstyrets forslag vedtatt med akklamasjon.

SAK 2: ORIENTERINGAR.

Dagleg leder gav ein kort presentasjon av seg sjølv og takka for hjelpa i ny jobb.

Gunnvor Bråthun Moe informerte om kretsleiren som skal vere til sommaren. Dei er komt litt seint i gang men har mange gode idear til korleis dette kan bli ein flott leir. Informasjon om leiren vil bli sendt ut til gruppene.

Ragnar Pettersen fortalte om krinsen sitt prosjekt på Kvamsøy i Kvam. Krinsen ønskjer å lage ein leirstad for krinsen på Kvamsøy. Det vart stilt spørsmål ved om krinsstyret hadde godkjenning frå krinstinget for å bruke pengar på prosjektet. Krinsleiar meinte at det hadde krinsstyret dekning for, og at det ville komme fram under gjennomgangen av budsjettet. Ordstyrar påpeikar så diskusjonar om økonomi kan ein ta under sak 4, budsjett.

Det kom også eit spørsmål om VM kom til å bli halden på Kvamsøy til våren, men dette blei avvist då infrastrukturen endå ikkje ligg til rette for eit slikt arrangement på Kvamsøy.

Ragnar Pettersen orientera også om speidar butikken "Hos Robert" som opnar 1. desember i Speidersenteret.

Jens Ivar Kleiven informerte om planane for neste åra Friluftsløip, og tankane bak leiren. Den tar sikte på å gje eit tilbod til barn som ikkje har andre tilbod i sommarferien, og nokre plassar vil vere gratis. Det kom spørsmål om alle plassane ville vere gratis, men det var presisert at dette berre gjaldt ein del av plassane. Det vart også spurt om krinsen ville stille med utstyr om det var nokon som ikkje hadde dette. Dette er noko ein må sjå på og forsøke å finne pengar til, elles har krinsen litt utstyr som dei kan leie ut.

Louise Pettersen gjekk gjennom reglane for neste års kretsbannerkonkurranse. Frå salen fekk ho takk for at også små grupper hadde muligheiter til å vinne, men fekk også spørsmål om det var noko interesse for konkurransen i det heile. Det kom også eit forslag frå salen om å legge ut konkurransen på heimesidene, eit innspel som vart tatt godt imot.

Utdeling av æreskniv og bronseknapp

Æreskniven vart overrekket Terje Langedal for arbeidet med oppstart av Sandsli Speidergruppe. Susanne Grønner fekk bronseknappen in absentia, for gjennomføring av Norges speiderforbund si grunntrening. Ho var også den første i landet som gjennomførte grunntreninga som ein del av opphaldet på Øytun Folkehøgskole.

SAK 3: AKTIVITETSPLAN

Louise Pettersen gjekk gjennom aktivitetsplanen for 2011.

Følgjande hadde ordet: Tone Selenius, 1. Øvsttun, Vinjar Wærenskjold, 4. Bergen-Sandviken, Hogne S. Nordvik, RBG, Cecilie Hanseth, 1. Øvsttun, Tom Georg Indrevik, Kolltveit BKS,

Det var presisert at Julemarkedet berre varte frå torsdag til laurdag, og ikkje frå tysdag slik det sto i planen.

Det kom inn forslag om å flytte Knutepunkt og PIL til høvesvis 11-13 november og 4-6 februar. Dette fordi det ofte har vert vanskelig å få folk til å stille på arrangementa. Det kom også inn forslag om å holde eit SpeiderLAN 30. september til 2. oktober.

Det vart fremma følgjande vedtak som det vart stemt over:

Frå Vinjar Wærenskjold: "Knutepunkt flyttes til 11-13 november eller annen dato som måtte passe."

Vedtak:

Forslaget vedtatt mot 3 røyster.

Frå Vinjar Wærenskjold: "PIL flyttes til 4-6 februar eller lignende"

Vedtak:

Forslaget vedtatt mot 3 røyster.

Frå Hogne S. Nordvik: "Foreslår å holde SpeiderLAN-Party etter JOTA/JOTI mal helgen 30. september – 2. oktober.

Vedtak:

Forslaget samrøystes vedtatt.

Aktivitetsplan for 2011 vedtatt med endringar.

SAK 4: BUDSJETT

Saken blei presentert av Ragnar Pettersen

Følgjande hadde ordet: Vinjar Wærenskjold, 4. Bergen Sandviken, Hogne S. Nordvik, RBG, Cecilie Hanseth, 1. Øvsttun, Kjell Ålvik, Krinsstyret, Ulf Larsen, Krinsstyret, Tom Georg Indrevik, Kolltveit BKS.

Ragnar Pettersen gjekk gjennom budsjettet for 2011. Det kom spørsmål om momsrefusjonen og om ikkje ein burde estimere med eit høgare tal i denne posten. Tilsvar var at krinsstyret har vert forsiktige med tanke på inntekter og har derfor ikkje sett det noko høgare. Det var også eit spørsmål om krinsen har starta arbeidet fram mot jubileet i 2012, og om bokprosjektet var komen i gang. Det vart bekrefta at arbeidet var i gang.

Det kom også opp ein diskusjon om pengebruk på Kvamsøy, og om krinsen hadde råd til dette, og om korleis det var å kome seg til øya også i dårleg vær. Det blei presisert at utgiftene var eit einganstilfelle, og at det ikkje er snakk om å kjøpe staden, men at den vert disponert gjennom ein avtale med Kvam herad. Frå salen vart det også nemnd at krinsstyret her hadde tatt seg litt stor fridom når det gjaldt pengebruk, og at ein slik stor post burde vert tatt opp på krinstinget.

Det vart også ytra misnøye med at roverombudet heller ikkje denne gang hadde fått meir pengar i budsjettet. Dette var ein glipp frå krinsstyret, og det kom ikkje noko motsetningar om å auke posten for roverarbeid.

Tinget vart også gjort oppmerksom på at det var naudsynt å fastsette neste års kontingent.

Det vart fremma følgjande vedtak som det vart stemt over:

Frå Tom Georg Indrevik: "Henstillingsforslag om at krinsstyret stiller med ei utvida orientering om Kvamsøy på årsmøtet"

Vedtak:

Forslaget samrøystes vedtatt.

Frå Cecilie Hanseth: "Posten for Roverombudet økes fra 5 000 til 10 000"

Vedtak:

Forslaget samrøystes vedtatt.

Forslag frå Krinsstyret: "Krinskontingent for 2011 settes til 195 kr."

Vedtak:

Forslaget samrøystes vedtatt.

Budsjett med endringar samrøystes vedtatt.

SAK 5: Opent Forum

Følgjande hadde ordet: Cecilie Hanseth, 1. Øvsttun, Gunvor B. Moe, Kolltveit BKS, John Petter Indrøy, 1. Storåsen, Tom Georg Indrevik, Kolltveit BKS, Hogne S. Nordvik, RBG, Ragnar Pettersen, Krinsstyret, Vinjar Wærenskjold, 4. Bergen-Sandviken

Det vart diskutert på kva måte roverane skulle kunne delta på kommande kretsleir. Det vart understreka at det var viktig å gje roverane anledning til å vere rovere, sjølv om dei måtte ta på seg oppgåver i gruppene. Derfor må det også arrangerast roveraktivitetar slik at dei roverane som må bo med sine grupper kan få delta på dei. Det blir sendt eit oppmodingsforslag til Kretsleirkomiteen som lyder "Kretstinget henstiller Leirkomiteen til årets kretsleir om å gi flest mulig rovere et skikkelig aktivitetstilbud under leiren. Dette uansett hvordan roverne eller er aktive på leiren. Mao ingen forskjell i tilbudet til rovere i roverleiren, gruppeleiren, og, innen rimelige grenser, stab/maur." Det var semje om å sende forlaget vidare, men sidan det kom under opent forum vart det ikkje fatta noko offisielt vedtak.

Salen var også interessert i å høyre kva som hende på Speidertinget tidlegare i haust, og kva som skjer med kontingenten som vert betalt på hausten.

Ragnar Pettersen informerte om at kontingenten for hausten som før går til gruppa. Når det gjelder Speidertinget var dei største endringane at medlemmer alt frå 12 år har rett til å vere med på gruppeting.


Det kom også ei oppmoding til Krinsstyret om å utarbeide ein arbeidsplan som kan presenterast på årsmøte slik at krinstinget kan komme med innspel til Krinsstyrets arbeid framover.

Til slutt var det ytra eit ønske om å få til samarbeidet i regionane også i andre regionar enn FANOS. Dette er noko det vert jobba med frå Krinsstyret si side, og det er eit håp om å få dette til.


AVSLUTNING.

Det blei eit effektivt krinsting, og Tom Georg blei takka for å ha lost oss gjennom tinget.


Krinsting blei avslutta med flagginnrulling og speiderbøn.



Jens Ivar Kleiven(sign)
Referent



Hogné S. Nørdvik(sign)
RBG



Tom Georg Indrevik(sign)
Møteleiar



Vinjår Wærenskjold(sign)
4. Bergen-Sandviken